

KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Dato	04.10.2022
Vår referanse	2022/65117-4
Dykkar referanse	22/5105-1
Sakshandsamar	Anne Koch Grønlien
E-post	Anne.Koch.Gronlien@vlfk.no
Telefon	98870991

Svar på høyring om endringar i kommunelova

Viser til brev frå Kommunal- og distriktsdepartementet 22.06.2022 kor Vestland fylkeskommune vert invitert til å komme med høyringssvar til endringar i kommunelova.

Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune behandla høyringa i møte 20.09.2022.

Vestland fylkeskommune gjev slik høyringsuttale:

Regulering av arbeidsutval

Departementet foreslår ei presisering av at det er organet som har oppretta eit arbeidsutval som òg har mynde til å leggje ned og omorganisere arbeidsutvalet, herunder val av nye medlem og setjemedlem ved uttreten og fritak.

I dei høva kommunen/fylke er organisert etter komitèmodellen, følger det av kommunelova § 5-9 (6) at ein komitè berre kan opprette arbeidsutval dersom kommunestyret eller fylkestinget ikkje har bestemt noko anna. Departementet foreslår derfor at ein komitè berre skal kunne leggje ned eller omorganisere arbeidsutvalet dersom kommunestyret ikkje har bestemt noko anna.

Vestland fylkeskommune støtter departementet sine forslag.

Arbeidsutval for medverknadsråd

Departementet foreslår at medverknadsorgana etter kommunelova § 5-12 skal kunne opprette arbeidsutval.

Vestland fylkeskommune er positive til at det vert opna for at medverknadsråd kan opprette arbeidsutval og meiner at det kan bidra til styrking av demokratiet ved at medverknadsorgana kan få til ei grundigare og meir effektiv sakshandsaming.

Val av varaordførar

Departementet foreslår å lovfeste at det skal verte valt ein ny varaordførar i tilfelle der varaordførar trer endeleg ut av vervet og at det skal verte valt ein midlertidig varaordførar i tilfelle der varaordførar får midlertidig fritak.

Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at val av varaordførar vert meir utførleg regulert og at gjeldande rett, slik Vestland fylkeskommune forstår det, vert kodifisert.

Avstemming ved forholdsval

Departementet foreslår at avstemming ved forholdsval også kan gjennomførast ved stemmeteikn, som eit alternativ til skriftleg avstemming.

Vestland fylkeskommune er einig i at stemmegjeving ved stemmeteikn gjev tilstrekkeleg moglegheit for kontroll og meiner at openheita som følgjer med å velje votering ved stemmeteikn er positiv. Vidare

vil gjennomføring ved stemmeteikn kunne innebere tidssparing.

Avstemming ved fleirtalsval

Departementet foreslår at fleirtalsval skal verte gjennomført ved å vise stemmeteikn. Dette betyr at det ved fleirtalsval ikkje er åtgang til skriftleg avstemming. Ved tilsettingar skal det derimot være åtgang til skriftleg avstemming.

Vestland fylkeskommune forstår lovkravet å vere oppfylt om ein nyttar digitale verktøy til stemmegjeving.

Vestland fylkeskommune er positive til at fleirtalsval er opne og synlege, og støtter forslaget om å kodifisere at det ikkje er åtgang til skriftleg avstemming ved denne forma for val. Vidare er Vestland fylkeskommune einig i at det bør vere unntak for avstemming ved tilsetting, då slike val ikkje har den same politiske karakteren som til dømes val av ordførar.

Settemedlem

Departementet foreslår å utvide kretsen av valbare settemedlem, slik at kommunestyret ikkje lenger må følge lista over varamedlem. Departementet foreslår i tillegg ei lovteknisk endring, slik at reguleringa av settemedlem kan verte samla i ei ny føresegn i § 7-11.

Vestland fylkeskommune meiner at omsynet til å bevare politisk balanse er mindre viktig når det er tale om eit midlertidig verv. Samstundes er det naturleg at når gruppa sjølv kan velje kven som skal overta eit ledig verv når ein medlem trer endeleg ut, òg står friare ved val av settemedlem.

Opprykk av varamedlem – direktevalde kommunedelsutval

I kapittel 9 foreslår departementet at varamedlem skal rykke opp i den rekkjefølgja dei er vald når eit medlem av eit direkte vald kommunedelsutval trer endeleg ut, i staden for at kommunestyret vel nye medlem.

Vestland fylkeskommune har ikkje synspunkt på reglane som omhandlar kommunedelsutval.

Forhold som gjev grunnlag for suspensjon

Departementet foreslår justeringar i suspensjonsbestemminga i kommunelova for å rette opp i nokre uheldige og utilsikta inkuriar av kva bestemmingar i straffeloven som er omfatta. Suspensjonsbestemminga verte samtidig flytta til en ny § 7-12.

Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at det vert teke ein gjennomgang av tilvisingane i kommunelova § 7-11, slik at regelverket vert klarare og det er god samanheng mellom forholda som dannar grunnlag for å suspendere ein folkevald.

Møte-, tale- og forslagsrett i folkevalde organ

I kapittel 11 foreslår departementet å presisere i kommunelova at det er medlem i folkevalde organ som har møte-, tale- og forslagsrett i organet sine møte, og at det ikkje kan gis møte-, tale- og forslagsrett til andre, utover det som følger av lov.

Vestland fylkeskommune er positive til at lovteksten vert tydeleggjort.

Vedtak i sak som ikkje er oppført i saklista eller saksdokument ikkje er sendt

Departementet foreslår å klargjere at vedtak kan verte fatta i sak som ikkje er oppført i saklista eller saksdokument ikkje er sendt, dersom ikkje minst 1/3 av møtande medlem motsett seg dette.

Vestland fylkeskommune meiner at presiseringa av ordlyden til å vere «minst 1/3» er fornuftig.

Tilsetting av kommunale ombod

Departementet foreslår å lovfeste at det er kommunestyret som tilsett i ombodstillingar som kommunen sjølv vel å opprette.

Vestland fylkeskommune støtter departementet sine vurderingar og er positive til at tilsetting av kommunale ombod vert tydeleg regulert i lova.

Minimumsavdrag på lån – forskriftsheimel

Departementet meiner det er behov for klargjerande reglar om minimumsavdraget. I høyringsnotatet kapittel 14 foreslår derfor departementet ein forskriftsheimel.

Vestland fylkeskommune stiller seg positiv til at slike detaljerte reglar, delvis av teknisk art, vert gjeve i forskrift og ikkje i kommunelova.

Namn på interkommunale samarbeid etter kommunelova

Departementet foreslår i kapittel 15 i høyringsnotatet å opne for at det blir mogleg å bruke forkortingane «IPR» og «KO» i namn på politiske råd og kommunale oppgåvefelleskap.

Vestland fylkeskommune meiner at å innføre «IPR» og «KO» som forkortingar vil vere hensiktsmessig og at omsynet til at organisasjonsforma skal vere mogleg å kjenne igjen er ivareteke. Forkortingane vil gjere det enklare å bruke kjenneteikna når samanslutningane skal presentere seg sjølv.

Varsling til kontrollutval om møter

Departementet foreslår å presisere i lov at det er kommunen som har ein plikt til å varsle kontrollutvalet om møte i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan i heileigde kommunale selskapet.

Vestland fylkeskommune meiner at det er naturleg at kommunar og fylkeskommunar skal varsle kontrollutvalet om møter i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan i heleide kommunale selskap.

Forholdet til Longyearbyen lokalstyre

Departementet foreslår at endringane i høyringsnotatet skal gjelde tilsvarande for Longyearbyen lokalstyre.

Vestland fylkeskommune har ikkje synspunkt på om endringane skal gjelde Longyearbyen lokalstyre.

Med helsing

Anne Koch Grønlien

rådgjevar

ORO - Politisk sekretariat

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift